

# BAKSIDA

TIPS OSS! **916 20 916**

nordhordland.no

Send gjerne bilde, tekst og video frå der du er. E-post: [redaksjonen@nordhordland.no](mailto:redaksjonen@nordhordland.no)

Tlf: **56 35 55 55** Tilstelefon: **916 20 916**. SMS/MMS: **NHTIPS til 2005**

Les Nh+ på nett. Registrer deg på [nordhordland.no](http://nordhordland.no) for å få tilgang.

Frekhaug-jente kåra til «Årets lærling» i betongfaget i vest

## Anja (19) årets lærling

**Anja Hodneland Gjertsen (19) frå Frekhaug i Meland er kåra til «Årets lærling» i betongfaget i bygg- og anleggsbransjen på Vestlandet.**

PRESSEMELDING  
[redaksjonen@nordhordland.no](mailto:redaksjonen@nordhordland.no)

Ho er TAF-elev på Knarvik vidaregåande skule og jobbar hos NCC Norge.

Det er verksemdene som nominerar dei beste kandidatane til tevlinga om å verte «Årets lærling», og dei gir ei vurdering av faglege kvalifikasjonar og personlege eigenskapar.

I kåringa var det tømrlær-lingane Martin Aadland Vad (19) frå Stord og Sindre Refvik (19) frå Refvik i Vågsøy som delte den gjevaste premien, medan Anja delte andreplassen med Line Utkilen (19) frå Arna i Bergen.

Line er óg TAF-elev på Knarvik vidaregåande skule, og utdannar seg i tømrlærfaget hos Skanska Norge.

### Fagprøve til sommaren

Både Anja og Line skal ta fagprøve til sommaren. Dei vil då både ha generell studiekompetanse og svennebrev i sine fag. Anja jobbar for tida på eit bru-prosjekt på Skjold i Bergen, medan Line får si praktiske opplæring med bygging av leiligheter på Råstølen. Dei vurderar begge å gå vidare med skulegang for å bli ingeniør.

Premien til vinnarane på 10.000 kroner og eit diplom vart overrakt av fagopplærings-sjef Torbjørn Mjelstad i Hordaland fylkeskommune på eit arrangement i Bergen hos Entre-

prenørforeningen Bygg - Anlegg, Vestenfjelske avdeling for jul. Martin Aadland Vad er tømrlær-ling i Engelsen Bygg, og Sindre Refvik er tømrlær-ling i UNU. Dei to jentene på andreplass fekk 5.000 kroner kvar og eit diplom.

### Får svært gode skussmål

I grunngevinga frå NCC Norge for kåringa av Anja Hodneland Gjertsen heiter det at ho viser ein usedvanleg interesse for faget, er fagleg svært dyktig og har praktiske ferdigheiter langt utover det ein kan vente, og at ho er engasjert og alltid møter presis på jobb.

«Ho er ei positiv jente, høfleg og godt likt, ho er oppsøkjande og tar initiativ til selvstendige oppgåver. Anja er løsningsorientert, effektiv, står på og har lyst til å lære mest mogleg. Ho har gode haldningar til HMS, og er ikkje redd for å gi beskjed om ho ser noko som kan forårsake ei uønska hending. Anja er ein meget god ambassadør for betongfaget.»

### 300 lærlingar i tevlinga

Kåringa av «Årets lærling» er gjort mellom vel 300 lærlingar i entreprenørbransjen i Hordaland og Sogn og Fjordane. Ein jury med representantar frå Byggopp i Hordaland og Sogn og Fjordane, fagopplæringskontoret i Hordaland fylkeskommune og Fellesforbundet tek den endelege avgjerda.

- Vinnarane i «Årets lærling» 2017 har i tillegg til å lære seg sine fag også tatt del i informasjonsaktivitetar på skulene for å fortelje om fagutdanninga. Dei er framifrå rollemodellar, seier opplæringsleiar Nils Arne Ødegård i Byggopp Sogn og Fjordane.



**TAF-ELEVAR I KNARVIK:** Line Utkilen (t.v) og Anja Hodneland Gjertsen delte andreplassen i kåringa av «Årets lærling» i bygg- og anleggsbransjen på Vestlandet. Dei fekk premie og gratulasjonar av direktør Hans Martin Moxnes i EBA Vestenfjelske.

**KAN BETONG:** Anja Hodneland Gjertsen frå Frekhaug i Meland er «Årets lærling» i betongfaget på Vestlandet i 2017. Dette var den nest gjevaste prisen i konkurransen. Prisen var eit diplom og 5000 kroner. Til sommaren skal ho ta fagprøve.

BEGGE FOTO: EBA VESTENFJELSKE